



Ingrid Raniseth

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2136 - 19/22798

Saksbehandlar:

Eirik Bouwer Utne

eirik.utne@meland.kommune.no

06.11.2019

Omsyn nyare tids kulturminne og friluftslivsverdiar - fv 564 - 244 Frekhaugkrysset - PlanID 1256 2017 0003

Nyare tids kulturminne

Planens påverknad på kulturmiljøet har vore vurdert lokalt i høve nasjonale og regionale forventingar til kommunane si rolle innan lokal forvaltning av nyare tids kulturminne.

Tenesteområde kultur har spelt inn i ein tidleg fase at dei ulike bygingane og murane ved det gamle tunet på Langeland bør takast vare på og få omsynssone H570. Planområdet tek ikkje med heile tunområdet inkludert våningshuset SEFRAK 1256 205 128, slik at grunnlaget for omsynssone nordaust for traseen fell bort. Når det gjeld ivaretaking av murar og andre strukturar under arbeidet, og eventuell reetablering ved skade, er kultur samd med fylkeskonservator i at dette bør presiserast i reguleringsføresegna.

Løe SEFRAK 1256 205 131 har tidleg vore sett på som ønskjeleg å ta vare på, særleg grunna løas rolle som synleg markør for kulturmiljøet på Langeland. Ulempene ved omlegging av vegtrase er likevel vurdert som større enn at løa vert riven. Når det gjeld spørsmålet om gjenoppbygging av løa, vil ein ikkje tilrå eit slikt krav. Løa vil måtte flyttast til ein annan plass, som vil kunne ta matjord og ikkje nausynlegvis sikre at kunnskapsverdiene ved tunet vert ivaretatte. Det er vidare kjend ønskje om ein funksjonell driftsbygning på garden. Reguleringsføresegna må sikre at dokumentasjon av løa vert gjennomført ved riving.

Område BKB

Reguleringsføresegna bør spegle dei skildra avbøtande tiltak i planomtalen jf. eldre vegfar i område BKB, for å sikre tilgang for friluftslivet i byggeperioden. Føresegna bør vidare omtale at vegfaret ikkje vert skadd av anleggsarbeid, for å sikre dei tørrmurte delane.

Meland kommune prosjekterer òg ny lyssett turveg på Storeknappen, der dette vegfaret vil verte oppgradert på mellombels basis.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Eirik Bouwer Utne
leiar kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Ingrid Raniseth